



**Sogn og Fjordane fylkeskommune**  
Kontroll av møtebøker frå fellesnemnda

Mars 2019

«Kontroll av møtebøker frå  
fellesnemnda»

Mars 2019

Rapporten er utarbeidd for Sogn og  
Fjordane fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# Innhold

1. Innleiing	5
2. Vurdering av fellesnemnda sin vedtakskompetanse	6
3. Vurdering av utvalde vedtak	9
4. Konklusjon	19
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	20
Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	22

# Detaljert innholdsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Fellesnemnda	5
1.3	Føremål	5
1.4	Revisjonskriterium	5
1.5	Metode	5
2.	Vurdering av fellesnemnda sin vedtakskompetanse	6
2.1	Inndelingslova § 26	6
2.2	Reglement for fellesnemnda	6
2.3	Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland	7
2.4	Fylkeskommunen sitt notat «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse»	7
2.5	Konklusjon	8
3.	Vurdering av utvalde vedtak	9
4.	Konklusjon	19
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	20
	Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	22

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i KU-sak 51-18<sup>1</sup>, gjennomført stikkprøvekontroll (desisjon) av møtebøkene frå fellesnemnda for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland.

## 1.2 Fellesnemnda

Fellesnemnda for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland er sett saman av fylkesutvala i dei to fylka. Fellesnemnda består av til saman 24 medlemar, 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda skal i hovudsak planleggje og førebu samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland.

## 1.3 Føremål

Føremålet med prosjektet har vore å gjennomføre ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker, med sikte på å kontrollere:

- *om fellesnemnda har hatt fullmakt til å gjere vedtaket i den enkelte sak*
- *om vedtaket er i samsvar med norsk lov og eventuelt andre relevante regelverk*
- *om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, føremål og om det er i tråd med fellesnemnda sitt reglement*

I tillegg har revisjonen i samsvar med bestilling gjennomført ei innleiande vurdering av kva som er vedtakskompetansen til fellesnemnda.

## 1.4 Revisjonskriterium

Innsamla data er vurdert opp mot dei reglar som gjeld for fellesnemnda. I samsvar med bestilling har vi gjennomført ei vurdering av fellesnemnda si vedtakskompetanse i høve notatet «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse» datert 12.11.2018 opp mot inndelingslova og vedteke reglement for fellesnemnda.

## 1.5 Metode

Revisjonen har gjennomført ein desisjon av møtebøkene frå fellesnemnda sine møte i perioden 18. desember 2017 – 14. februar 2019 basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøkene og sakene som er protokollert.

Gjennomförde møte i denne tidsperioden er 18.12.17, 08.03.18, 04.05.18, 22.06.18, 21.09.18, 16.11.18, 03.12.18, 19.12.18. Totalt tal politiske saker er 74 saker.

Revisjonen har gjennomført stikkprøver og sett nærmare på 10 vedtak fatta i fellesnemnda. I utvalet av saker har Deloitte lagt vekt på å kontrollere ulike sakstypar og etter ei vurdering plukka ut vedtak vi meiner det kan være risiko for at ikkje er fatta i samsvar med gjeldande regelverk.

---

<sup>1</sup> Bestilling oversendt revisjonen på e-post frå kontrollsjef Einar Ulla 14.02.2019

## 2. Vurdering av fellesnemnda si vedtakskompetanse

### 2.1 Inndelingslova § 26

Ved samanslåing av kommunar og fylkeskommunar skal det etter til inndelingslova § 26 første ledd oppretta ei fellesnemnd til å «samordne og ta seg av førebuininga av samanslåinga». Nemnda skal mellom anna «ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga (...) er sett i verk», samt «gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei (...) fylkeskommunane saka gjeld», jf. tredje ledd.

Det rettslige utgangspunktet etter inndelingslova § 26 er altså at fellesnemnda skal ta seg av «førebuininga av samanslåinga». Passusen er vidt formulert og gir ingen nærmere anvising på kva konkrete arbeidsoppgåver og fullmakter nemnda skal ha utover oppgåvene som blir pålagt § 26 tredje ledd. Isolert sett opnar ordlyden i § 26 første ledd for at fellesnemnda kan tilleggast eit brent spekter av arbeidsoppgåver og vide fullmakter, så lenge desse er sakleg avgrensa til førebuininga av samanslåing.

Ei slik tolking synes også å vere i samsvar med føresetnaden til lovgjevar. I lovforarbeit til § 26 er det gitt utrykk for at det ikkje er «ønskjeleg å gi for mange og detaljerte lovreglar om [fellesnemnda si] samansetjing, funksjon og arbeidsoppgåver. Slike spørsmål bør drøftast og avgjerast av kommunane/fylkeskommunane sjølv. Det er mogleg å gi nemnda relativt vide fullmakter», sjå Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) på side 82.

På grunn av dette bestemmer inndelingslova § 26 fjerde ledd at «Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga».

Dei involverte fylkeskommunane må altså sjølv bli einige om kva oppgåver og fullmakter fellesnemnda skal ha. Dette fordi det ikkje bør gå lang tid før den nye eininga er operativ, jf. Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) s. 82.

I rundskriv H-10/15 til inndelingslova la Kommunal- og moderniseringsdepartementet til grunn at fellesnemnda ikkje skal «få innverknad på drifta i dei eksisterande kommunane». Uttalet reflekterer at det er dei valde lokale fylkestinga som er ansvarlige for den daglege verksemda i dei respektive fylkeskommunane fram til konstituering av eit felles fylkesting for den samanslåtte eininga.

### 2.2 Reglement for fellesnemnda

På det felles fylkestingsmøtet i Gulen kommune den 27. oktober 2017 vedtok fylkestinga for Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune reglement for fellesnemnda i samsvar med inndelingslova § 26 fjerde ledd. I fylkesrådmennene si likelydande saksutgreiing ble det i denne samanheng påpekt at:

«(...) det er viktig å gje fellesnemnda eit tydeleg men vidt mandat, for å sikre god politisk styring og ein mest mogleg effektiv samanslåningsprosess. Dersom nødvendige vedtak må gjerast før det nye fylkestinget er konstituert, på område der fellesnemnda ikkje har delegert vedtaksmynde, må fylkestinga syte for samordning og koordinering med tanke på å gjere likelydande delegeringsvedtak.»

Føresetnaden er altså at reglementet for fellesnemnda av 27. oktober 2017 skal tolkast vidt, men slik at saker der fellesnemnda ikkje har vedtakskompetanse må handsamast særskilt av dei respektive fylkestinga. Alternativt kan dei to fylkestinga fatte likelydande vedtak om å delegere den nødvendige vedtakskompetansen til fellesnemnda.

Denne føresetnaden går også fram implisitt av det vedtekne reglementet. I reglement for fellesnemnda § 4 er det fastslått, som ei presisering av hovudregelen i inndelingslova § 26 første ledd, at fellesnemnda primært skal «planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting». Reglementet seier ikkje noko eksplisitt om sakene som ikkje gjeld samanslåningsprosessen.

Vidare følgjer det av reglementet § 16 at «Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstilingsrett i saka». Sett i samanheng indikerer dette at vedtak som ikkje gjeld samanslåingsprosessen, og som det elles ikkje er gitt mynde til å fatte vedtak om i reglement for fellesnemnda, må leggjast fram for fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane.

## 2.3 Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland

I enkelte saker kan også «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland», vedtatt av fylkestinga i dei to fylkeskommunane den 17. januar 2017, legge føringar for fellesnemnda sin vedtakskompetanse. Dette gjeld mellom anna for vedtak etter reglement for fellesnemnda § 7, som pålegg nemnda å fastsette modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen «innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17». Etter pkt. 1 i intensjonsplanen skal planen danne grunnlaget for vedtak om samanslåing i dei respektive fylkestinga. Planen gir mellom anna uttrykk for dei overordna måla for fylkessamanslåinga, og set dei grove rammene for leiing, organisering og arbeidsdeling i den nye fylkeskommunen.

## 2.4 Fylkeskommunen sitt notat «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse»

Revisjonen har blitt førelagt notatet «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse», som er ei juridisk vurdering av fellesnemnda sin vedtakskompetanse på område som ikkje direkte er omtalt i gjeldande reglement for fellesnemnda. Vurderinga er bestilt av prosjektleiar for fellesnemnda for Vestland fylkeskommune og er utarbeidd av ein sakshandsamer i Hordaland fylkeskommune den 12. november 2018.

Revisjonen merker seg at det i vurderinga er tatt utgangspunkt i inndelingslova § 26 med forarbeid, samt enkelte føresegner i reglement for fellesnemnda. Revisjonen er samd i hovudtrekka i vurderinga, men vil også presisere at den på enkelte punkt går utover det vi meiner kan forankrast i ordlyden av reglement for fellesnemnda.

Dette gjeld særleg tolkinga av reglement for fellesnemnda § 16, som har følgjande ordlyd:

Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstilingsrett i saka.

I notatet «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse» er det om §16 uttalt at

**§ 16** har ei vag ordlyd som gir rom for tvil og uvisse. Ein mogleg tolking er at prinsipielle spørsmål må løftast til fylkesting(a).

og vidare at

Når det gjeld § 16 om kva saker som skal handsamast i eitt eller begge fylkestinga, er formuleringane vase. Føresegna må forståast som ei sikkerheitsventil for fylkestinga, som berre vil vere aktuell i heilt særskilde tilfelle.

Det er revisjonen si forståing at § 16 i reglement for fellesnemnda ikkje er meint å regulere kva saker som må «løftast til fylkesting(a)», slik det gis inntrykk for i notatet. Direkte bestemmer § 16 utelukkande at fellesnemnda skal ha innstilingsrett i saker som «vedkjem samanslåingsprosessen», men som likevel må «handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga».

Revisjonen har ikkje lagt fylkeskommunen sitt notat til grunn som revisjonskriterium ved vurderinga av utvalde vedtak fatta av fellesnemnda.

## **2.5 Konklusjon**

På bakgrunn av utleininga over kan det sluttast at fellesnemnda har kompetanse til å fatte vedtak i saker som gjeld «førebuinga av samanslåinga», jf. inndelingslova § 26 første ledd, og elles fatte vedtak i dei saker som er positivt angitt i inndelingslova § 26 og reglement for fellesnemnda av 27. oktober 2017. Saker som av omsyn til ei slik avgrensing faller utanfor fellesnemnda sitt kompetanseområde, må handsamast særskilt i dei enkelte fylkestinga. Om ei slik sak likevel «vedkjem samanslåingsprosessen», har fellesnemnda innstillingsrett i saka, jf. reglementet § 16. Revisjonen merkar seg samstundes at reglementet på fleire område blir vurdert å ha ein vag ordlyd.

### 3. Vurdering av utvalde vedtak

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<b>Sak 7/2017</b>  <b>Fylkesvåpen – utforming og fastsettjing</b>  <a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr7_2017-cat344489-mid108304_f2a99_760d4.17152499d17152499.ba5b25_058c.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr7_2017-cat344489-mid108304_f2a99_760d4.17152499d17152499.ba5b25_058c.pdf</a>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.</li><li>2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3.kvartal 2018.</li></ol>	Inndelingslova § 26 fjerde og sjette ledd, reglement for fellesnemnda §§ 6 og 15, intensjonsplan pkt. 3.1	<p>Vedtaket gjeld arbeidet med eit nytt, felles fylkesvåpen. Etter reglement for fellesnemnda § 15 er det fellesnemnda si oppgåve å «føreslå eit nytt fylkesvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Fellesnemnda må i dette arbeidet avklare den vidare prosessen for eit endeleg vedtak knytt til nytt fylkesvåpen». Denne oppgåva er også fastsatt i intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland.</p> <p>I vedtaket blir fellesnemnda sitt arbeidsutval delegert mandat til å arbeide med forslag til nytt fylkesvåpen. Dette er i samsvar med inndelingslova § 26 sjette ledd som omhandlar kva det er mogleg å delegere, som også er presisert i reglement for fellesnemnda § 6. Delegeringsvedtaket aktualiserer ikkje forbodet i inndelingslova § 26 sjette ledd mot delegering av vedtakskompetanse i saker av «prinsipiell art» til arbeidsutvalet.</p> <p><b>Konklusjon:</b> <b>Punkt 1.-2. i vedtaket er fatta i samsvar med reglement for fellesnemnda § 15, jf. inndelingslova § 26 fjerde og sjette ledd.</b></p>

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<p><b>Sak 8/2017</b></p> <p><b>Budsjett for eingongskostnader ved samanslåinga</b></p> <p><a href="https://www.sj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr8_2017-cat344489-mid108304_f2a99_760d4.17152501d_17152501.debb7ec8b8.pdf">https://www.sj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr8_2017-cat344489-mid108304_f2a99_760d4.17152501d_17152501.debb7ec8b8.pdf</a></p>	<p>1. Fellesnemnda har fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland, og legg følgjande prinsipp til grunn for bruken av midlane:</p> <p>a) Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekka innanfor ramma på 30 mill.kr som fellesnemnda disponerer.</p> <p>b) Reise- og diettkostnader vert dekka innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.</p> <p>c) Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekka innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.</p> <p>d) Frikjøp av tillitsvalde vert dekka innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.</p> <p>2. Fellesnemnda får seg førelagt ei eiga budsjettsak til første møtet i 2018. Fylkesrådmennene avklarar nærmare faktiske kostnader knytt til samanslåinga i framlegget til budsjett.</p> <p>3. Fylkesrådmennene får, fram til budsjettet er klart, fullmakt til å disponere fellesnemnda si ramme på 30 mill.kr. for å dekke påløpte kostnader i samsvar med omtalen av prinsipp for finansiering av eingongskostnader.</p> <p>4. Det skal vurderast om tilskot til dei politiske partia skal aukast som følgje av naudsynte prosessar fram mot 2020.</p>	<p>Inndelingslova § 26 første og fjerde ledd, reglement for fellesnemnda § 18, inndelingslova § 15</p>	<p>Vedtaket er fatta i medhald av reglement for fellesnemnda § 18. Etter § 18 skal eingongskostnaden ved fylkessamanslåinga dekkast ved at kvart fylke som inngår i fylkessamanslåinga får utbetalt 15 mill. kr. Etter § 18 andre punktum har fellesnemnda fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr. som støtte til eingongskostnadene i det førebuande arbeidet og gjennomføringa av fylkessamanslåinga, jf. reglementet § 5.</p> <p>Revisjonen vil likevel peike på at måten vedtaket pkt. 1 b) – d) er formulert kan gi inntrykk av at fellesnemnda fattar vedtak som grip inn i budsjetta til dei noverande fylkestinga, noko som ligg utanfor nemnda sitt mandat etter inndelingslova § 26 første og fjerde ledd og reglement for fellesnemnda §§ 4 og 18.</p> <p>Når det gjeld pkt. 4 i vedtaket er det revisjonen si vurdering at fellesnemnda kan vedta at dei i framtida vil vurdere auke i tilskota til dei politiske partia. Revisjonen vil likevel peike på at inndelingslova § 15 gjeld delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til samanslåingsprosessen. Vi kan ikkje sjå at tilskot til dei politiske partia er omfatta av § 15.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  <b>Punkt 1.-4. i vedtaket er fatta i samsvar med reglement for fellesnemnda § 18, jf. inndelingslova § 26 fjerde ledd.</b></p>

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<b>Sak 5/2018</b> <b>Kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen</b> <a href="https://www.sj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr5_2018-cat344489-mid108876_f23671c8d6.18039699d18039699.3f9611d43f.pdf">https://www.sj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr5_2018-cat344489-mid108876_f23671c8d6.18039699d18039699.3f9611d43f.pdf</a>	<p>1. Fellesnemnda viser til pkt. 13 i sitt reglement, og ser på involvering av tilsette, innbyggjarar, kommunar m.m. som ein kritisk faktor for å lukkast i samanslåingsarbeidet med etablering av den nye fylkeskommunen.</p> <p>2. Fellesnemnda vedtek framlagde kommunikasjonsplan som grunnlag for tiltak som sikrar god og tilstrekkeleg kommunikasjon med interne og eksterne aktørar i samanslåingsprosessen.</p> <p>3. Kommunikasjonsplanen gjev eit rammeverk for kommunikasjonsarbeidet fram mot 2020. Det vil med utgangspunkt i planen bli utarbeidd operative tiltaksplanar knytt til milepælar og fasar i samanslåingsarbeidet.</p>	Inndelingslova § 26 første og fjerde ledd, reglement for fellesnemnda § 13	<p>Kommunikasjonsplanen er vedtatt i medhald av reglement for fellesnemnda § 13, som fastslår at fellesnemnda skal ha «ansvar for informasjonsarbeid og involvering av kommunane og innbyggjarane i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen». Vedtaket er knytt til seg til førebuing av samanslåinga og ligg innanfor fellesnemnda sitt kompetanseområde etter inndelingslova § 26 første ledd.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  <b>Punkt 1.-3. i vedtaket er fatta i samsvar med reglement for fellesnemnda § 13 og inndelingslova § 26 første ledd.</b></p>

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<p><b>Sak 6/2018</b></p> <p><b>Tannhelsetenesta – organisering og leiing</b></p> <p><a href="https://www.sj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr6_2018-cat344489-mid108876_f2367_1c8d6.18039701d_18039701.3c55fed92d.pdf">https://www.sj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr6_2018-cat344489-mid108876_f2367_1c8d6.18039701d_18039701.3c55fed92d.pdf</a></p>	<p>1. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.</p> <p>2. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.</p> <p>3. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidsretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leiing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.</p> <p>4. Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknyting til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane</p>	<p>Inndelingslova § 26 fjerde ledd, reglement for fellesnemnda § 7, intensjonsplan pkt. 4.1</p>	<p>Etter reglement for fellesnemnda § 7 er det fellesnemnda si oppgåve å fastsette «modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17». Det går fram av intensjonsplanen at det er fellesnemnda si oppgåve å fremje forslag til den endelige organiseringa innanfor intensjonsplanen sine rammer. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalte nivået vurderast/innplasserast, jf. intensjonsplanen pkt. 4.1.</p> <p>Utover dette legg intensjonsplanen ingen nærmere føringar for administrativ organisering av tannhelsetenesta i den nye fylkeskommunen. Vedtaket ligg dermed innanfor mandatet som er vedtatt i reglement for fellesnemnda § 7, jf. inndelingslova § 26 fjerde ledd.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  <b>Punkt 1.-4. i vedtaket er innanfor rammene av intensjonsplanen, og fatta i samsvar med reglement for fellesnemnda § 7.</b></p>

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<b>Sak 54/2018</b>  <b>Pedagogisk psykologisk teneste si framtidige innretning på eigarskap</b>  <a href="https://einnsyn.hf.k.no/eInnsyn/DmbHandling&gt;ShowDmbHandlingDocument?dmbId=14023&amp;caseType=Protokoll&amp;registryEntryId=720170">https://einnsyn.hf.k.no/eInnsyn/DmbHandling&gt;ShowDmbHandlingDocument?dmbId=14023&amp;caseType=Protokoll&amp;registryEntryId=720170</a>	<p>1. Vestland fylkeskommune skal eige eiga PP-teneste.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune kan inngå avtalar om sal av PP-tenester til kommunar. Prosjektlearen får fullmakt til å inngå slike avtalar.</p>	Inndelingslova § 26 første ledd, reglement for fellesnemnda § 4	<p>Fellesnemnda skal etter inndelingslova § 26 første ledd «samordne og ta seg av førebuingen av samanslåinga» av fylkeskommunane. Etter reglement for fellesnemnda § 4 skal fellesnemnda primært «planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting».</p> <p>Etter opplæringslova § 5-6 skal ein kvar fylkeskommune ha ei pedagogisk-psykologisk helseteneste (PP-teneste). Vedtaket sitt pkt. 1 inneber avklaring av eigarskapet til PP-tenesta i den framtidige felles fylkeskommunen, og er derfor omfatta av fellesnemnda si kompetanse i saker knytt til samanslåingsprosessen, jf. inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</p> <p>Vedtaket sitt pkt. 2 gir prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om sal av PP-tenester til kommunar. Etter reglement for fellesnemnda § 10 andre ledd kan nemnda delegere mynde til å inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, til «fylkesrådmennene».</p> <p>Revisjonen oppfattar at vedtaket sitt pkt. 2 første setning gjeld avtalar som skal inngåast etter at Vestland fylkeskommune er etablert, sidan Vestland fylkeskommune ikkje kan inngå avtalar før etablering.</p> <p>Andre setning i vedtaket sitt pkt. 2 refererer til «prosjektlearen», som fungerer før Vestland fylkeskommune er etablert. Det er uklart for revisjonen om denne setninga</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) omhandlar fullmakt til prosjektleiar om å inngå avtalar før Vestland fylkeskommune er etablert,</li> <li>eller om setninga var meint å</li> <li>b) gjelde fullmakt til framtidig fylkesrådmann som i dag har rolla som prosjektleiar.</li> </ul> <p>Viss a) vil revisjonen peike på at det er uklart om ordlyden «fylkesrådmennene» i reglement for</p>

fellesnemnda § 10 berre omfattar dei noverande fylkesrådmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, eller om også prosjektleiar, som framtidig fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen, er omfatta.

Prosjektleiar/fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen er gjennomgåande omtalt som «administrasjonssjef» i reglement for fellesnemnda, sjå f.eks. §§ 14 og 19. Dette tyder på at prosjektleiar ikkje er meint omfatta av ordlyden «fylkesrådmennene» i reglement for fellesnemnda § 10. Delegeringa av mynde i vedtaket sitt pkt. 2 burde i så fall vore førelagt fylkestinga i dei noverande fylkeskommunane, eventuelt slik at fylkestinga vedtok endring av ordlyden i reglementet § 9 til å også omfatte prosjektleiar /administrasjonssjef.

Viss b) burde det i pkt. 2 andre setning i vedtaket stått «fylkesrådmannen for Vestland fylkeskommune» i staden for «prosjektleiarene».

Ettersom det er uklart om innhaldet i vedtaket skal oppfattast som a) eller b), burde vedtaket ha vore tydelegare formulert.

**Konklusjon:**

**Punkt 1. i vedtaket er fatta i samsvar med inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.**

**Punkt 2. i vedtaket burde etter revisjonen sin vurdering ha vore tydelegare formulert, slik at det ikkje kan oppstå tvil om innhaldet.**

*I høyringssvaret gir prosjektleiar uttrykk for at vedtaket skal tolkast som a). Prosjektleiar støttar revisjonen sin konklusjon om at vedtaket burde vore tydlegare formulert og viser også til at reglementet ikkje blir opplevd som eintydig med omsyn til om det er dagens fylkesrådmenn eller prosjekteleiar som er tiltenkt denne mynda. Det er revisjonen si vurdering at når det er uklart korleis reglementet skal tolkast bør dette leggast fram for fylkestinga for ei avklaring.*

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<b>Sak 55/2018</b> <b>Prinsipp for ny budsjettmodell i dei vidaregåande skulane – DP 1.4</b> <a href="https://einsnyn.hf.k.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDocument?dmbId=14029&amp;caseType=Protokoll&amp;registryEntryId=720234">https://einsnyn.hf.k.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDocument?dmbId=14029&amp;caseType=Protokoll&amp;registryEntryId=720234</a>	<p>Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal grupper per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.</p> <p>1. Prosjektleiar skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal klassar/grupper per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal grupper.</li> <li>b. vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune</li> </ul> <p>2. Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.</p>	<p>Inndelingslova § 26 første og tredje ledd, reglement for fellesnemnda §§ 4, 8 og 19</p>	<p>Det går fram av inndelingslova § 26 første ledd at fellesnemnda skal «samordne og ta seg av samanslåinga» av fylkeskommunane. Denne arbeidsoppgåva er presisert i reglement for fellesnemnda § 4, som slår fast at fellesnemnda primært skal «planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting». Vidare skal fellesnemnda etter inndelingslova § 26 tredje ledd og reglement for fellesnemnda § 8 ta hand om det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter samanslåing og økonomiplanen for perioden 2020-2023.</p> <p>Vedtaket gjeld det overordna prinsippet for budsjettmodell i dei vidaregåande skulane i den nye fylkeskommunen etter 01.01.2020, og utgjer grunnlaget for fellesnemnda sitt vidare arbeid med budsjettmodellen, jf. reglementet § 8. Saka inngår som ein del av førebuinga til fylkessamanslåing, og ligg innanfor fellesnemnda sin saklege kompetanse etter inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</p> <p>Punkt 1-2 i vedtaket er i samsvar med reglement for fellesnemnda § 19, som legg det til fylkesrådmennene og ny administrasjonssjef å innstille i saker som skal leggjast fram for fellesnemnda.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  <b>Vedtaket er fatta i medhald av reglement for fellesnemnda § 8 og er innanfor fellesnemnda sitt saklige kompetanseområde, jf. inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</b></p> <p><b>Punkta 1-2 i vedtaket er i samsvar med reglement for fellesnemnda § 19.</b></p>

<b>Sak 56/2018</b>	1. Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbodsstruktur og inntak.	Inndelingslova § 26, reglement for fellesnemnda § 4	Etter inndelingslova § 26 første ledd skal fellesnemnda «samordne og ta seg av førebuininga av samanslåinga». Denne oppgåva kjem også til uttrykk i reglement for fellesnemnda § 4, der det står at fellesnemnda primært skal «planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting».
<b>Inntak i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – overordna prinsipp for inntak – DP 1.5</b>	2. Prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019.		<p>Vedtaket gjeld den overordna modellen for inntak i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Modellen legg grunnlaget for førebuing og organisering av inntaket til vidaregåande opplæring det første skuleåret etter konstituering av nytt felles fylkesting (2020-2021), og må sjåast som eit ledd i førebuininga av fylkessamanslåinga, jf. inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</p> <p>Sjølv om saka er omfatta av fellesnemnda sitt vidt definerte kompetanseområde etter inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4, kan det stillas spørsmål ved om den prinsipielle karakteren til saka tilseier handsaming i dei eksisterande fylkestinga.</p> <p>Revisjonen meiner likevel at vedtaket er fatta innanfor fellesnemnda sitt mandat, og legg til grunn at det var behov for å fatte vedtak om overordna inntaksprinsipp i god tid før opptaket til vidaregåande opplæring. Revisjonen merker seg også at det berre er fatta vedtak om overordna inntaksprinsipp for det første skuleåret etter konstituering av nytt felles fylkesting (skuleåret 2020-2021), og at det nye fylkestinget vil kunne fatte vedtak om korleis inntak til vidaregåande opplæring skal organiserast i framtida.</p>

#### Konklusjon:

**Punkt 1-2 i vedtaket er fatta i medhald av inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.**

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<p><b>Sak 8/2019</b></p> <p><b>Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune</b></p> <p><a href="https://einsnyn.hf.k.no/eInnsyn/DmbHandling&gt;ShowDmbHandlingDocument?dmbId=14819&amp;caseType=Protokoll&amp;registryEntryId=747477">https://einsnyn.hf.k.no/eInnsyn/DmbHandling&gt;ShowDmbHandlingDocument?dmbId=14819&amp;caseType=Protokoll&amp;registryEntryId=747477</a></p>	<p>1. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.</p> <p>2. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første halvår 2019.</p> <p>3. Fellesnemnda vil vurdere samla kostnader knytt til folkevalde sin politiske aktivitet dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.</p> <p>Med slike endringar.</p> <p>Pkt.6.2. Overnattingsgodtgjersle Utover det dekkjer fylkeskommunen overnatting: Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 100 km med bil eller minst 1,5 time reise med kollektive transportmidde (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen).</p> <p>Fylkesordførar; 1 200 000,- Fylkesvaraordførar; 956 500,- Resterande godtgjersle vert 92% av fylkesvaraordførar si godtgjersle. Frikjøpsordning vert redusert til 20 000,- per representant. Gruppeleiarstøtta vert endra til to</p>	<p>Inndelingslova § 26 første ledd, reglement for fellesnemnda § 4</p>	<p>Fellesnemnda skal etter inndelingslova § 26 første ledd «samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga». Denne oppgåva er presisert i reglement for fellesnemnda § 4, der det står at fellesnemnda primært skal «planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting».</p> <p>Vedtaket gjeld reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i den nye fylkeskommunen. Fastsetting av slikt reglement inngår som ein del av den organisatoriske og administrative førebuinga av samanslåingsprosessen, jf. inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4. Det ligg derfor innanfor fellesnemnda sitt mandat å fatte dette vedtaket.</p> <p><b>Konklusjon:</b> <b>Punkt 1.-3. i vedtaket er fatta i medhald av inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</b></p>

grupper 1-10 og over 10

Pkt. 6.2 .....reiseavstand til heimen er på minst 100 km med bil eller minst 1,5 timer reise.....»

Sak	Vedtak	Kriterium	Vurdering
<b>Sak 9/2019</b> <b>Overføring av personell frå Statens vegvesen – garanti med omsyn til vern mot oppseiling, jf. Intensjonsplanen av 17. januar 2017</b>	<p>1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiling i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalig som følgje av samanslåinga i denne perioden.</p> <p>2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høyringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesvegadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunane.</p>	Inndelingslova § 26, reglement for fellesnemnda § 4.	<p>Fellesnemnda skal etter inndelingslova § 26 første ledd «samordne og ta seg av børebuinga av samanslåinga» av fylkeskommunane. Denne oppgåva er nærmere presisert i reglement for fellesnemnda § 4, som bestemmer at fellesnemnda primært skal «planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting».</p> <p>I samband med avvikling av felles vegadministrasjon og overføring av oppgåver frå Statens vegvesen til fylkeskommunane, skal personell frå vegvesenet bli overført til Vestland fylkeskommune. Punkta 1.-2. i vedtaket inneber at personell som skal bli overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunen blir omfatta av garantien om vern mot oppseiling i intensjonsplanen datert 17. januar 2017 pkt. 6, på same måte som andre tilsette som blir overført til den nye fylkeskommunen.</p> <p>Vedtaket inngår som ein del av førebuinga til samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, og ligg innanfor fellesnemnda sitt mandat etter inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</p> <p><b>Konklusjon:</b>  <b>Vedtaket er fatta i medhald av inndelingslova § 26 første ledd og reglement for fellesnemnda § 4.</b></p>

## 4. Konklusjon

Vurderinga av fellesnemnda sin vedtakskompetanse i kapittel 2 viser at fellesnemnda er gitt eit vidt mandat til å fatte vedtak i saker som gjeld samanslåinga av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane. Forutan vedtak som gjeld «førebuinga av samanslåinga», jf. inndelingslova § 26 første ledd, kan fellesnemnda fatte vedtak i dei saker som er positivt angitt i inndelingslova § 26 og i reglement for fellesnemnda av 27. oktober 2017, jf. inndelingslova § 26 fjerde ledd.

Stikkprøvene revisjonen har gjennomført av fellesnemnda sine vedtak viser at vedtaka er fatta i samsvar med regelverket, men at enkelte vedtak burde ha vore tydelegare formulert. Dette gjeld vedtak om budsjett for eingongskostnader ved samanslåinga i sak 8/2017 og vedtak om pedagogisk psykologisk teneste si framtidige innretning på eigarskap i sak 54/2018 pkt. 2.

Revisjonen merker seg at reglementet for fellesnemnda på enkelte område er uklart. Dette kjem fram både i notatet fylkeskommunen har utarbeidd om fellesnemnda si vedtakskompetanse, gjennom uklare forhold knytt til vedtaka revisjonen har sett nærmere på og i prosjektleiar sin høyringsuttale. På bakgrunn av dette meiner revisjonen at reglementet for fellesnemnda burde vore gjennomgått og revidert.<sup>2</sup>

---

<sup>2</sup> Dette avsnittet er skrive etter at revisjonen mottok høyringsuttale frå prosjektleiar.

# Vedlegg 1: Høyringsuttale



Nye Vestland fylkeskommune

DELOITTE

Dato: 26.03.2019

Vår ref.: 2019/6786-2

Saksbehandlar: [petgull]

Dykkar ref.:

Att. Gasemyr, Kari

OFFL § 5

## Uttale til Deloitte sin revisjon av møtebøker frå fellesnemda

Prosjektleiar for nye Vestland fylkeskommune har motteke Deloitte sitt revisjonsutkast av møtebøker frå fellesnemnda for uttale.

Prosjektleiar er nøgd med revisjonen sin hovudkonklusjon om at fellesnemda sine vedtak er fatta i tråd med regelverket.

Prosjektleiar har hatt og vil fortsatt ha høg bevisstheit rundt fellesnemnda sin materielle kompetanse. Prosjektleiar har i møte 16.11.2018 lagt fram referatsak for fellesnemnda om dette tema, og har dessutan vedtakskompetanse som eit sjekkpunkt hjå sakshandsamarane for politiske saker som vert lagd fram for fellesnemnda.

Av revisjonen går fram at to av vedtaka som er fatta burde ha vore tydelegare formulert. Prosjektleiar kommenterer revisjonen sine merknader nedanfor.

Sak 8/17:

*Revisjonen har mellom anna følgjande kommentar til vedtaket i sak 8/2017:*

«Revisjonen vil likevel peike på at måten vedtaket pkt. 1 b) – d) er formulert kan gi inntrykk av at fellesnemnda fattar vedtak som grip inn i budsjetta til dei noverande fylkestinga, noko som ligg utanfor nemnda sitt mandat etter inndelingslova § 26 første og fjerde ledd og reglement for fellesnemnda §§ 4 og 18.

Når det gjeld pkt. 4 i vedtaket er det revisjonen si vurdering at fellesnemnda kan vedta at dei i framtida vil vurdere auke i tilskota til dei politiske partia. Revisjonen vil likevel peike på at inndelingslova § 15 gjeld delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til samanslåingsprosessen. Vi kan ikkje sjå at tilskot til dei politiske partia er omfatta av § 15.»

*Prosjektleiar sin kommentar:*

Prosjektleiar er samd i revisjonen sine kommentarar.

Sak 54/18:

*Revisjonen har mellom anna følgjande kommentar til vedtaket i sak 54/2018:*

«Revisjonen oppfattar at vedtaket sitt pkt. 2 første setning gjeld avtalar som skal inngåast **etter at Vestland fylkeskommune er etablert, sidan Vestland fylkeskommune ikkje kan inngå avtalar før etablering.**»  
(Prosjektleiars utheving)

*Prosjektleiar sin kommentar:*

Pkt. 2 i vedtaket dreiar seg om avtalar om sal av PP-tenester frå Vestland fylkeskommune til kommunane. For å sikre god framdrift i arbeidet med eventuelle avtalar med kommunane, har prosjektleiaren i andre setning fått fullmakt til å inngå slike avtalar før Vestland fylkeskommune er etablert. Prosjektleiar tolkar vedtaket slik at eg kan inngå slike avtalar også etter at Vestland fylkeskommune er etablert, men då i rolla som fylkesrådmann.

Prosjektleiar er samd med revisjonen i at pkt. 2 i vedtaket burde vore tydelegare formulert.

Prosjektleiar er vidare samd med revisjonen i at § 10 andre ledd i reglementet for fellesnemnda burde vore formulert annleis. Reglementet vart utarbeidd ei stund før prosjektleiar vart tilsett og tiltredde. Formuleringa i § 10 andre ledd må tolkast i lys av at fellesnemnda den gongen såleis ikkje hadde nokon prosjektleiar å delegera mynde til. Etter at prosjektleiar tiltredde stillinga, kan det ikkje vere tvil om at «fylkesrådmennene» i § 10 andre ledd skal tolkast som «prosjektleiar».

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Ikke fordelt til saksbehandler

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

# Vedlegg 2: Revisjonskriterium

**Lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)**

## **§ 15. Økonomisk kompensasjon**

Ved samanslåing av kommunar eller fylke og deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, gir staten delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til desse prosessane. I ein overgangsperiode gir staten også kompensasjon for bortfall av rammetilskot.

## **§ 26. Fellesnemnd**

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuininga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.

Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigkeit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.

Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i § 27

**Reglement for fellesnemnda, vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i Gulen kommune 27. oktober 2017**

## Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017

**Reglementet for fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i Gulen kommune 27.10.2017.**

Reglementet har følgjande 21 paragrafar:

1. Fellesnemnda vert samansett av dagens to fylkesutval, med til saman 24 medlemer: 15 frå fylkesutvalet i Hordaland og 9 frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane.

Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.
  2. Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel sjølv leiar og nestleiar. Dei to fylkesrådmennene (Sogn og Fjordane og Hordaland) utgjer eit felles sekretariat for fellesnemnda inntil nemnda finn det tenleg at framtidig administrasjonssjef overtek denne funksjonen.
  3. Fellesnemnda sin funksjonsperiode går fram til nytt fylkesting vert konstituert.
  4. Fellesnemnda skal primært planleggje og førebu iverksetting av samanslåinga fram til konstituering av nytt felles fylkesting. Det er dei to fylkestinga som er ansvarlege for verksemda i dei to fylkeskommunane fram til samanslåingstidspunktet 01.01.2020.
  5. Fellesnemnda bør utarbeide ein prosjekt- og framdriftsplan for det førebuande arbeidet, inkl. budsjett for samanslåingsprosessen.
  6. Fellesnemnda kan opprette eit eige arbeidsutval (FAU), som får fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Nemnda må i så fall vedta eit eige reglement for arbeidsutvalet.
  7. Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammenes om er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.
  8. Fellesnemnda får ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020), samt for tilsvarande arbeid med økonomiplan for perioden 2020–23.
  9. Fellesnemnda gjev uttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om dei vedtekne årsbudsjetta for 2018 og 2019 for dei to fylkeskommunane.
  10. Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før fylkestinget er konstituert.
- Dersom det er aktuelt for fellesnemnda å delegere slikt mynde vidare til fylkesrådmennene, har fellesnemnda høve til å gjere dette.

11. Fellesnemnda får fullmakt til overføring av personell til den nye fylkeskommunen, og har ansvar for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.
12. Fellesnemnda kan delegere fullmakt til fylkesrådmennene i tråd med kommunelova sine reglar innanfor økonomi- og personalforvaltning m.m.
13. Fellesnemnda får ansvar for informasjonsarbeid og involvering av kommunane og innbyggjarane i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen.
14. Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.
15. Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkesvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka. Fellesnemnda må i dette arbeidet avklare den vidare prosessen for eit endelig vedtak knytt til nytt fylkesvåpen.
16. Dersom enkelte saker som vedkjem samanslåingsprosessen er av ein slik karakter at dei må handsamast særskilt i eitt eller begge fylkestinga, har fellesnemnda innstillingsrett i saka.
17. Fellesnemnda får i oppgåve å opprette eit partssamansett utval, underlagt fellesnemnda, til arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda fastset mandat for det partssamansette utvalet.

Utvalet skal m.a. utforme ein omstillingsavtale som rammeverk for dei tilsette i denne samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen.

18. Eingongskostnaden ved fylkessamanslåinga vert dekka ved at kvart fylke som inngår i samanslåinga får utbetalt 15 mill.kr. Fellesnemnda får fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebuande arbeidet og gjennomføringa av fylkessamanslåinga, jf. punkt 5 over.

Eventuelle behov utover denne ramma må løvvast av dei to fylkestinga når det føreligg eit nærmere avklara budsjett for arbeidet.

Rekneskapsfunksjonen for fellesnemnda vert lagt til Hordaland fylkeskommune.

19. Fylkesrådmennene og ny administrasjonssjef har møte- og talerett i fellesnemnda, og innstiller i saker som vert lagt fram for nemnda.
20. Medlemer i fellesnemnda og andre politiske utval under fellesnemnda skal godtgjerast i samsvar med gjeldande reglement i dei respektive fylkeskommunar.
21. Sakshandsamingsreglane i kommunelova gjeld tilsvarende for alt arbeid i fellesnemnda.

**Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland den 17. januar 2017.**

Sjå:

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3729235.2344.patvveectd/Intensjonsplan+for+samansl%C3%A5ing+av+Sogn+og+Fjordane+og+Hordaland.pdf?return=www.sfj.no>

# Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).